

Lokaldemokrati handlingsplan 2018-2020

Vedtatt av Time kommunestyre 18. september 2018.



Innleiing

Norge har, som dei fleste europeiske land, forplikta seg til å følgja Europarådet sine 12 prinsipp for innovasjon og godt lokalt styresett. Time kommune var i 2012 ein av dei første fire norske kommunane som fekk Europarådet si utmerking for godt lokaldemokrati etter desse prinsippa. Godkjenninga skjedde etter sjølvevaluering og vurdering av ei nasjonal ekspertgruppe.

Etter KS si lokaldemokratiundersøking i 2010 vart den første handlingsplanen for godt lokaldemokrati i Time kommune laga. Grunnlaget var ekspertvurderinga og innbyggjarane sine svar i undersøkinga.

Den reviderte handlingsplanen er laga ut frå svara i innbyggjarundersøkinga i 2017, og etter ei sjølvevaluering gjort av politisk og administrativ leiing.

Handlingsplanen er bygd opp med eitt kapittel for kvart prinsipp for godt lokaldemokrati. Kvart kapittel startar med Europarådet si formulering av innhaldet i kvart prinsipp, deretter status i Time kommune, kva kommunen kan gjera betre og til slutt tiltak for betre lokaldemokrati.

Målet er at Time skal vera ein open og tilgjengeleg kommune med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon, og der etikk og god forvaltningsskikk er sentralt i alle handlingar.

Innbyggjarspørsmål

I innbyggjarundersøkinga «Hvor godt er lokaldemokratiet» som KS gjennomførte i 2017, gav innbyggjarane i Time desse vurderingane:

- 1) **Som regel kan en stole på løftene fra politikerne her i kommunen**
 - Passar godt: 62,3
 - Passar dårleg: 30,5%

- 2) **Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte makta si til personlig fordel**
 - Passar godt: 64,8%
 - Passar dårleg: 26,3%

- 3) **De som har gode personlige forbindelser i kommunen/kommunepolitikken får lettere ivaretatt sine interesser**
 - Passar godt: 60,8%
 - Passar dårleg: 30,1 %

- 4) **Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om aktuelle saker som diskuteres i kommunepolitikken**
 - Passar godt: 62,8 %
 - Passar dårleg: 34,8 %

- 5) **Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om kva man får igjen for skattepengene**
 - Passar godt: 52,8 %
 - Passar dårleg: 45 %

- 6) **Stort sett vet jeg nok om forholdene her i kommunen til å bruke stemmeseddelen min på en fornuftig måte i kommunevalget**
 - Passar godt: 71,3%
 - Passar dårleg: 26,1%

- 7) **Her i kommunen har innbyggerne gode muligheter til å påvirke kommunale beslutninger som engasjerer dem**
 - Passar godt: 59,6%
 - Passar dårleg: 35,3%

- 8) **Her i kommunen involverer politikerne innbyggerne i forsøk på å finne løsninger på lokale problemer**
 - Passar godt: 47,3%
 - Passar dårleg: 47,1%

- 9) **Kommuneadministrasjonen gjør alltid sitt beste for å hjelpe innbyggerne**
 - Passar godt: 64,1 %
 - Passar dårleg: 31,3 %

- 10) **I denne kommunen forvaltes de økonomiske ressursene på en forsvarlig måte**
- Passar godt: 66,5 %
 - Passar dårleg: 26,8 %
- 11) **I det store og hele er jeg godt fornøyd med kommunens tjenestetilbud**
- Passar godt: 80,2 %
 - Passar dårleg: 18%
- 12) **Jeg er i det store og det hele fornøyd med måten kommunen takler de langsiktige utfordringene som dette lokalsamfunnet står overfor**
- Passar godt: 70%
 - Passar dårleg: 28,1 %
- 13) **Denne kommunen skal ha ros for fornyelse og nytenking i måten oppgavene løses på**
- Passar godt: 49%
 - Passar dårleg: 43,3%
- 14) **Denne kommunen gjør for lite for de mest sårbare i samfunnet**
- Passar godt: 39,1 %
 - Passar dårleg: 53,6%

I oppsummeringa er svaralternativa "passar nokså godt" og "passar svært godt" trekte saman til "passar godt", og svaralternativa "passar ganske dårleg" og "passar svært dårleg" er trekte saman til "passar dårleg".

Tabell med resultat frå alle lokaldemokratiundersøkingane i Time (2010, 2014 og 2017) ligg på nettsidene til kommunen under "Lokaldemokrati".

Prinsipp 1

Rettferdige val, representasjon og deltaking

«Lokalvala er frie og rettferdige, i tråd med internasjonale standardar og nasjonale lovar, og dei vert gjennomførte utan fusk.

Innbyggjarane står i sentrum for offentleg verksemd og dei vert systematisk involverte i det offentlege livet. Alle menn og kvinner kan delta i prosessane før vedtak, direkte eller gjennom interesseorganisasjonar.

Deltaking er basert på ytringsfridom, møtefridom og organisasjonsfridom.

Alle stemmer, inkludert dei mindre privilegerte og dei sårbare gruppene, vert høyrde og tekne omsyn til i samband med prosessar før vedtak, også når det gjeld fordeling av ressursar.

Det vert alltid gjort forsøk på å mekla mellom ulike legitime interesser og å nå ei brei semje om kva som er best for heile samfunnet og korleis ein kan oppnå det.

Vedtak vert gjort i tråd med fleirtalet sin vilje, samtidig som mindretalet sine rettar og interesser vert respekterte.»

Dette gjer Time kommune:

Val vert gjennomførte etter nasjonale og internasjonale standardar.

Kommunestyret inviterer til ope møte om økonomiplan etter at rådmannen sitt forslag er lagt fram.

Saksdokument er tilgjengelege på nett.

Dei folkevalde inviterer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv til å koma med innspel i planprosessar og før politiske møte.

Elektroniske og fysiske servicestadar er universelt utforma.

Politikarar og administrasjon oppsøker ulike arenaar for å få innspel i større planprosessar.

Smartstrategien legg vekt på samskaping og involvering.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- finna gode møteplassar for medverknad
- involvera ulike grupper innbyggjarar i aktuelle politiske saker og planar
- involvera tidleg i vedtaksprosessane
- spegla befolkninga i kommunen betre i politiske styre og utval

Dette vil me gjera:

- prøva ut nye metodar for involvering og medverknad
- ta initiativ til tidleg dialog med organisasjonar og lag for innspel i aktuelle saker eller planar
- aktivt invitera unge, eldre og innvandrarak til å delta i lokaldemokratiet
- leggja til rette for høgare valdeltaking gjennom mobil løysing for førehandstemming

Prinsipp 2

Respons

«Mål, reglar, strukturar og prosedyrar er tilpassa innbyggjarane sine legitime forventingar og behov. Offentlege tenester vert leverte, og spørsmål og klager vert svarte på innan rimelege fristar.»

Dette gjer Time kommune:

Delegeringsreglement og prosedyrar regulerer politiske og administrative vedtak.

Avvik vert rapporterte og handterte i eige kvalitetssystem.

Organisasjonen har retningslinjer med svarfristar for spørsmål på brev, e-post og telefon

Kommunen er tilgjengeleg for publikum i sosiale media.

Alle tilsette får rettleiarar og opplæring i klart språk og saksbehandling

Feilmeldingssystem på nettsida viser meldte feil og kva tid feilen vert retta.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- systematisk oppfølging av klagar på tenester

Dette vil me gjera:

- gjera brukarundersøkingar på tenester der det er klagar frå innbyggjarane
- synleggjera tal på klagar i dei ulike politiske utvala sine område årleg
- bruka synfaring meir i det politiske arbeidet

Prinsipp 3

Effektivitet

«Resultata tilfredsstillir avtalte mål. Ressursane vert nytta optimalt. Eit velfungerande styringssystem gjer det mogleg å evaluera og betra kostnadseffektiviteten i tenesteytinga. For å betra tenesteytinga vert det gjort revisjonar med jamne mellomrom.»

Dette gjer Time kommune:

Eit etablert planhierarki sikrar samanheng mellom strategiske planar og operasjonelle handlingar, der økonomiplanen speglar måla i kommuneplan og strategiske planar.

Resultat vert rapporterte i statistikkhefte og årsrapport og samanlikna med andre kommunar.

Kommunen har tenestestandardar og serviceerklæringar («Timeavtalar»).

Brukarundersøkingar vert gjennomførte, politisk behandla og tatt inn som innspel i økonomiplanen

Kvalitetssystem vert brukt i alle einingar

Innovasjonsstrategien har mål om kvardagsinnovasjon i tenestene og radikale innovasjonsprosjekt.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- synleggjera korleis kommuneorganisasjonen jobbar med kvalitet og effektivitet
- delta på arenaer for analyse og læring som gjev meir effektive tenester
- bruka tenestestandard eller andre verktøy betre for å avklara forventingar til tenester
- samanlikna kvalitet i tenestene med andre kommunar

Dette vil me gjera:

- delta i samarbeid og læringsnettverk for effektivisering
- synleggjera og evaluera tiltak og korleis brukarar vert følgde opp
- greia ut etablering av samarbeidsutval for omsorgstenestene
- revidera tenestestandardssystemet og vurderer alternativ til dette
- delta i regionale og nasjonale digitaliseringsprosjekt
- utvikla kvalitet i tenestene ved bruk av system for samanlikning med andre, eksempelvis kommunekompasset

Prinsipp 4

Openheit

«Avgjersler og gjennomføring av vedtak skjer i samsvar med lovar og reglar. Det er offentleg tilgang til all informasjon som ikkje er inntatt ved lov. Informasjon om vedta, implementering av politikk og resultat vert offentleggjort slik at det er mogleg for innbyggjarane å følgja med og bidra i kommunen sitt arbeid.»

Dette gjer Time kommune:

Politiske møte er opne.

Kommunestyremøte vert overførte på nett

Postlistene er tilgjengelege på nettsidene

Reglement for delegering viser kven som har ansvar for å gjera vedtak og for å iverksetta vedtak.

Møtedatoar, sakspapir og anna som gjeld politiske avgjersler er å finna på nettsidene.

Partia sine gruppemøte er opne for publikum og vert annonserte i lokalpressa.

Det er lagt til rette elektronisk for spørsmål og innspel til kommunen.

Vedtak som ikkje er gjennomførte vert synleggjorde i årsrapporten.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- leggja til rette for å finna informasjon og delta i lokaldemokratiet via nettsidene til kommunen
- bidra til at informasjon om møte og avgjersler når fleire grupper
- gjera arenaer for medverknad lett tilgjengelege
- gje betre informasjon om opne møte og kontakt med politikarar

Dette vil me gjera:

- ta i bruk nettoverføringar av utvalsmøte
- prøva publisering på Facebook under og i forbindelse med kommunestyremøte
- bruka nye kanalar og metodar for informasjon om opne møte og kontakt med folkevalde
- ha trådløs overføring på nett frå ulike lokasjonar der det er politiske møte
- etablera faste møtestadar der folk kan treffa politikarar uformelt
- invitera til politiske temamøte
- invitera til dei politiske gruppemøta på ordføraren si facebookside og i andre sosiale media
- auka eigenproduksjon av nyheiter om aktuelle saker og leggja dei ut på ulike flater
- publisera dokument i fulltekst på nett

Prinsipp 5

Rettstryggleik

«Kommunen held seg til loven og rettslege avgjerder. Reglar og reguleringar vert handheva upartisk.»

Dette gjer Time kommune:

Avvik frå lovar og vedtak vert rapporterte og lukka gjennom tiltak.
Kontrollinstansar sine merknadar vert følgde opp administrativt og politisk.
Reglar og prosedyrar vert ettergått av kontrollutvalet.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- ha tydelege reglar for habilitet
- leggja til rette for innsyn i saksbehandling og avgjerder

Dette vil me gjera:

- oppmoda tilsette og politikarar til å bruka KS sitt styrevervregister.
- dokumentera bakgrunnen for avgjerder godt for å gje tryggleik for innsyn og likebehandling.
- Publisera saksbehandlingsreglar og kriteria for tildeling på nettsidene til kommunen.

Prinsipp 6

Etikk

«Felles interesser går føre individuelle interesser. Det finst effektive midlar for å motverka alle former for korrupsjon.

Interessekonfliktar vert klargjorte i god tid, og personar som er inhabile avstår frå å ta del i relevante avgjersler.»

Dette gjer Time kommune:

Etiske retningslinjer gjeld både tilsette og politikarar.

Innkjøp skjer i tråd med innkjøpsstrategi gjennom innkjøpsavtalar og offentlege anbod.

Innkjøpsdokument og avgjerder om kontraktinngåing er offentlege.

Kjøp og sal av eigedom og konsesjonstildeling vert behandla politisk.

Personalreglement, arbeidsgjevarstrategi og tilsettingsprosedyrar avklarar og tryggjar tilsettingsforholda.

Kommunen har kvalitetssystem for prosedyrar og avviksregistrering

Kommunen har kontrollarstilling med ansvar for opplæring og oppfølging av internkontrollsystema

Dette kan Time kommune verta betre på:

- systematisk opplæring i habilitet, etikk og antikorrupsjon

Dette vil me gjera:

- ha habilitet og antikorrupsjon som fast tema i folkevaldopplæringa anna kvart år
- revidera etiske retningslinjer, innkjøpsreglement og tiltak for antikorrupsjon kvar kommunestyreperiode

Prinsipp 7

Kompetanse og kapasitet

«Administrasjonen sin styringskompetanse vert styrka og halden ved like. Offentleg tilsette vert motiverte til stadige forbetringar.

Praktiske metodar og prosedyrar vert oppretta og nytta til å omdanna ferdigheiter til kapasitet og for å produsera betre resultat.»

Dette gjer Time kommune:

Kriteria for å verta tilsett er definert for kvar stilling og går fram av utlysinga. Stillingsutlysingar er utforma slik at dei ikkje diskriminerer nokon grupper. Tillitsvalde deltek i tilsettingsprosessar frå det er klart at stillinga skal lysast ut. Dei tilsette får jamlege vurderingar av prestasjon og utvikling gjennom årlege medarbeidersamtalar. Kommunen har reglar for rekruttering og tilsetting i rekrutteringsstrategi og tilsettingsreglement. Medarbeidarundersøkingar vert gjennomførte kvart anna år. Det vert satsa både på leiarutdanning, fagutdanning og vidareutdanning. Dei tilsette har tilbod om interne kurs.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- sikra kompetanse til framtidige behov.
- Retta rekrutteringstiltak mot nødvendig kompetanse
- sikra god leiarkompetanse i heile organisasjonen

Dette vil me gjera:

- evaluera rekruttering og opplæring jamleg ut frå aktuelle og framtidige behov.
- systematisera og styrkja leiaropplæringa i heile organisasjonen.
- rapportera jamleg til administrasjonsutvalet på rekrutteringsstrategien
- kartleggja kva kapasitet og kompetanse tenestene treng i framtida
- motivera og tilby kompetanseheving ut framtidige behov

Prinsipp 8

Innovasjon

«Det vert søkt etter nye og effektive løysingar på problem, og i tenesteytinga vert fordelane ved moderne metodar brukte godt.

Det er interesse for å prøva ut nye løysingar og å læra av andre sine erfaringar. Det vert skapt eit klima for endring for å oppnå betre resultat.»

Dette gjer Time kommune:

Innovasjonsstrategi og smartstrategi gjev nye løysingar på tenestebehov og samfunnsutfordringar.

Alle tenesteområda driv kvardagsinnovasjon.

Utvalde radikale innovasjonsprosjekt går fram av økonomiplanen.

Kommunen deltek i lærings- og delingsnettverk for kvalitet og omstilling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Dette kan Time kommune verta betre på:

- synleggjera resultata av fornying og innovasjon i tenestene

Dette vil me gjera:

- rapportera årleg på innovasjonstiltak og smartprosjekt til fagutval og formannskap
- politisk og administrativ leiing deltek på kommunen sin årlege innovasjonsdag

Prinsipp 9

Bærekraft

«Dagens politikk tek omsyn til kommande generasjonar sine behov.
Det vert heile tida teke omsyn til samfunnet si bærekraft.

Avgjerslene søkjer å få med alle kostnadar og ikkje overføra problem og spenningar (miljømessige, strukturelle, finansielle, økonomiske eller sosiale) til framtidige generasjonar.

Det er eit breitt og langsiktig perspektiv for å oppnå ei slik utvikling.

Framtidsperspektivet byggjer på ei forståing for dei historiske, kulturelle og sosiale forholda i lokalsamfunnet.»

Dette gjer Time kommune:

Årlege økonomiplanprosessar sikrar langsiktig finansiering.

Mål om bærekraftig drift ligg til grunn for budsjett og planar.

Kulturplan og kulturminneplan sikrar bevaring av historie og kultur

Overordna planar tek omsyn til komande generasjonar sine behov

Klima- og energiplan legg grunnlag for langsiktig bærekraft

Dette kan Time kommune verta betre på:

- sikra bærekraftig utvikling gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv
- ta vare på kommunale eigedommar meir langsiktig
- tydeleggjera langsiktige perspektiv og samanhengar mellom overordna planar

Dette vil me gjera:

- kvalitetssikra planprosessar for å gjera samanhengen mellom overordna planar og strategiar og temaplanar tydelegare
- utarbeida langsiktig plan for vedlikehald av kommunale eigedommar

Prinsipp 10

Sunn finansiell styring

«Avgifter overstig ikkje det tenesta kostar og vert ikkje sett slik at etterspurnaden vert vesentleg redusert.

Finansiell styring er ansvarleg når det gjeld inngåing av kontraktar og opptak av lån, estimering av ressursar, inntekter og reservar og i bruken av ekstraordinære inntekter.

Økonomiplanar for fleire år vert utarbeidde i konsultasjon med innbyggjarane.

Risiko er skikkeleg vurdert og handtert, herunder ved publisering av rekneskapen og ved offentleg-privat samarbeid gjennom realistisk deling av risiko.

Kommunar tek del i interkommunalt samarbeid der byrdar, gode og risiko vert fordelt.»

Dette gjer Time kommune:

Grunngjeving og grunnlag for kommunale avgifter går fram av budsjett og økonomiplan.

Tertialrapportar vert politisk behandla.

Rekneskap er i tråd med lov og forskrifter og vert revidert eksternt.

Revisjonar vert offentlege i forbindelse med årsrapporten.

Forslag til budsjett, vedtatt budsjett og årsrapport er offentlege dokument.

Kortversjon av budsjett og årsrapport er tilgjengeleg på nett

Kommunen deltek i interkommunale samarbeid

Innbyggjarane vert inviterte til å koma med innspel til budsjett

Dette kan Time kommune verta betre på:

- tydeleggjera den demokratiske kontrollen med interkommunale samarbeid
- synleggjera grunnlaget for finansiell styring

Dette vil me gjera:

- innføra fast rapportering til kommunestyret frå representantar i styre og representantskap
- evaluera interkommunale samarbeid midtvegs i kvar kommunestyreperiode
- fastsetja lokale handlingsreglar for finansiell styring
- utarbeida økonomiske styringsdata som vert reviderte kvar kommunestyreperiode

Prinsipp 11

Menneskerettar, kulturelt mangfald og sosialt fellesskap

«Innanfor dei lokale styresmaktene sitt område vert menneskerettar respekterte, beskytta og implementerte og diskriminering på alle grunnlag vert motverka. Kulturelt mangfald vert vurdert som ein rikdom, og det vert arbeidd kontinuerleg for å sikra at alle deltek og vert inkluderte i lokalsamfunnet.

Sosialt fellesskap og intergrering av geografisk vanskelegstilte område vert fremja. Tilgjenge til viktige tenester vert oppretthalde, særleg for vanskelegstilte delar av befolkninga.»

Dette gjer Time kommune:

Kommunen har folkehelseplan, plan for universell utforming, bustadsosial plan, ruspolitisk plan, plan mot barnefattigdom og plan for integrering og mangfald.

Skulane har program og planar mot mobbing.

Alle utlysingstekstar har mangfaldserklæring.

Senior- og brukarrådet arbeider aktivt for medverknad for sosialt vanskelegstilte og ulike brukargrupper i lokalsamfunnet.

Dette kan Time kommune verta betre på

- involvering og medverknad frå fleire innbyggjargrupper i lokalsamfunnet.
- målretta tiltak for å beskytta innbyggjarane mot diskriminering og ekskludering
- rekruttera innvandrarak til politikk, organisasjonsliv og som kommunale arbeidstakarar

Dette vil me gjera

- invitera nye statsborgarar i kommunen til markering hos politisk leiing
- vurdere støtteordningar for organisasjonar som har fokus på å involvera vaksne frå sosialt vanskelegstilte grupper
- stimulera til aktiviteter i frivillig sektor som fremjar brubygging mellom ulike sosiale grupper
- presentera dei politiske partia på språkkafeen «Snakkis» før kvart val
- utarbeida strategi for likestilling og antidiskriminering for kommuneorganisasjonen

Prinsipp 12

Ansvar

«Alle som tar avgjersler, kollektive og individuelle, tek ansvar for dei. Avgjersler vert rapporterte, forklarte og kan sanksjonerast.

Det finst effektive tiltak mot ulovleg styring og mot handlingar som krenkjer borgarrettar.»

Dette gjer Time kommune:

Politiske vedtak er offentlege og publiserte på kommunen sine nettsider.

Revisjonar er uavhengige og offentlege.

Kommunen har kontrollordningar som motverkar vanstyre og krenking av sivile rettar.

Politisk og administrativt delegeringsreglement synleggjer ansvar for å ta avgjerder.

Saksbehandlarar kjenner lovane som regulerer deira saksområde godt.

Viktige avgjerder går fram i årsrapporten.

Politiske sakspapir og referat frå skulane sine samarbeidsutval er lett tilgjengelege på nettsidene

Dette kan Time kommune verta betre på:

- tydeleggjera handlingsrommet til politikarane i alle saksframlegg.
- framstilla kompliserte saksforhold så klart og forståeleg som råd.
- sikra at persondata vert lagra i tråd med gjeldande lovgjeving.
- synleggjera manglande gjennomføring av politiske vedtak.

Dette vil me gjera:

- læra opp alle saksbehandlarar i saksframstilling og klart språk.
- gjennomføra kompetanseheving i heile organisasjonen for å ivareta personvern

